




GISKE KOMMUNE
6050 VALDERØYA



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Saksansvarleg
Giske formannskap	09.10.2006	129/06	MGB
Giske formannskap	16.10.2006	140/06	MGB
Giske formannskap	27.11.2006	181/06	MGB
Giske kommunestyre	28.11.2006	080/06	MGB

Saksbehandlar Sindre Røsvik	Arkiv: K1-, K2-C84, K3-&13	Arkivsaknr 2006000606- 6
---------------------------------------	--------------------------------------	------------------------------------

STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA

Vedlegg:

Saksutgreiing:

I kommunestyresak /2006 vart det oppnemnt ei arbeidsgruppe som skulle førebu høyringsvar frå Giske kommune om NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke. Inge Westad (Ap) har vore leiar for arbeidsgruppa som hadde desse medlemane: Ove Paulsen (V), Randi Brune Alnes (Sp), Arnfinn Rune Giske (KrF), Per Otto Hellevik (Frp) og Olav Sindre Roald (H). Kommunalsjef Sindre Røsvik var sekretær. Kommunen var invitert til ei fellessamling med sokneråda og fellesrådet 4. oktober og nokre av medlene deltok der. Arbeidsgruppa hadde så møte 1. november der ein gjekk gjennom hovudkonklusjonane i høyringa og tok så for seg dei ulike spørsmåla i høyringsskjemaet.

NOU 2006: 2 Staten og Den norske kirke la fram si utgreiing 31.01.06 og departementet har sett 1. desember 2006 som høyringsfrist. Det ein ber om svar på er dei overordna spørsmåla når det gjeld statskyrkjeordninga og framtidig organisering og finansiering av Den norske kyrkje. Nedanfor er hovudspørsmåla gjennomgått med arbeidsgruppa sine konklusjonar:

1. Overordna prinsipp som bør ligge til grunn for trus- og livssynspolitikken.

Av dei overordna prinsippa må full religionsfridom reknast som grunnleggjande i Noreg og staten må ta ansvar for dette gjennom lovverk og praktisk tilrettelegging.

2. Den norske kyrkje som statskyrkje



Utvalet (Gjønnesutvalet) var delt i eit fleirtal på 18 som tilrår at dagens statskyrkjeordning blir oppheva og 14 av desse tilrår at det blir ei lovforankra folkekyrkje medan 4 av dei tilrår at det blir ei sjølvstendig folkekyrkje. Mindretalet (2) tilrår at statskyrkjeordninga blir ført vidare.

Den kommunale arbeidsgruppa konkluderte med at statskyrkja Den norske kyrkje bør vere ei lovforankra folkekyrkje. (To av medlemane vil ha ei grunnlovsforankra folkekyrkje, dvs. at ein held fast på statskyrkjeordninga?)

3. Lovforankring

I dag er Den norske kyrkje forankra i § 2 i Grunnlova, men dersom ein fylgjer fleirtalet i utvalet fell denne bort (dvs. endra). Andre ledd i paragrafen kan då eventuelt endrast til ein verdiparagraf og fleirtalet i utvalet (13) meiner denne skal vise til kristne og humanistiske verdiar. Eitt medlem tilrår ein konfesjonsuavhengig verdiparagraf medan eit mindretal på 5 meiner at det ikkje er behov for nokon nytt ledd. Eit 3. mindretal på eitt medlem tilrår at endring av § 2 avgrensar seg til det som følgjer av overgang frå statsreligion til lovforankra folkekyrkje. Fleirtalet sitt forslag om ei lovforankra folkekyrkje inneber at noverande Grunnlov blir oppheva og Den norske kyrkja blir eit sjølvstendig rettsobjekt med egne styringsorgan og sjølvstendig ansvar for alle saker som har med kyrkja si tru og verksemd. Den norske kyrkje vert gitt ei særleg tilknytning til staten gjennom ei kyrkjelov, gitt av Stortinget. Lova bør vere ei kortfatta rammelov forankra i ein grunnlovsbestemmelse.

Den kommunale arbeidsgruppa går inn for ei at det blir utarbeidd ei eiga kyrkjelov vedteken av Stortinget. Paragraf 2 bør ha ei verdiforankring som viser til kristne og humanistiske verdiar.

4. Finansiering av Den norske kyrkje

Det er sett opp fire alternativ: Medlemsavgift, medlemsavgift med noko støtte frå det offentlege, støtte frå det offentlege og med noko medlemsavgift eller offentleg finansiering utan medlemsavgift. Fleirtalet i utvalet (15) meiner at det offentleg bør stå for hovudfinansieringa (- statleg tilskot som dekkjer løner og personalkostnader for alle kyrkjelege tilsette og kommunale tilskot som dekkjer bygning, vedlikehald, forvaltning og drift av kyrkjebygg). Dette blir kombinert med eit mindre medlemsbidrag som skal dekkje finansieringa av resten kyrkjelyden si verksemd. Eit mindretal tilrår at staten løyver alt frå det offentlege og eit anna mindretal tilrår hovudfinansiering gjennom medlemskontingent supplert med tilskot frå det offentlege til særskilde føremål.

Den kommunale arbeidsgruppa gjekk inn for støtte frå det offentlege med noko medlemsavgift.

5. Valordning og demokrati dersom statskyrkjeordninga blir avvikla

Utvalet har tatt for seg valordning og demokrati ved bortfall av statskyrkjeordninga. Ein går ikkje inn på detaljane her men nemner kort at dette gjeld val av dei kyrkjelege styringsorgana sokneråd, fellesråd, bispedømmeråd, kyrkjeråd og kyrkjemøte. I dag er det direkte val av sokneråd medan dei andre organa skjer som indirekte val, t.d. fellesrådet er vald av sokneråda og sokneråda nominerer til bispedømmeråd etc.

Den kommunale arbeidsgruppa konkluderer med at valordningane bør vere som i dag.

6. Paragraf 2 i Grunnlova dersom statskyrkjeordninga blir avvikla



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

Den kommunale arbeidsgruppa går inn for at §2 i Grunnlova skal ha med det kristne og humanistiske verdigrunnlaget og at Den norske kyrkja er ei evangelisk-luthersk kyrkje. (sjå elles spørsmål 3).

7. Ansvar for gravferdsforvaltning

Utvalet ser det som eit offentleg ansvar å sørgje for at gravferd og jordfesting skjer i faste, ordna former. Alle skal gravleggjast med respekt ut frå personleg tru og livssyn og i samsvar med dei reglar den enkelte religion eller tradisjon tilseier. Det offentlege må ta ansvar for å skaffe til veie verdige lokaler for innbyggjarar som ikkje brukar kyrkjelege bygg til sine seremoniar. Ansvaret kan plasserast hos fellestrådet (som i dag) eller hos kommunen.

Den kommunale arbeidsgruppa går inn for at kommunen bør ha ansvar for gravferdsforvaltninga.

8. Kven bør eige og forvalte kyrkjebygga

Den kommunale arbeidsgruppa var delt i synet på kven som bør eige og forvalte kyrkjebygga. Fleirtalet på 4 meinte at den lokale kyrkje bør eige kyrkjebygga og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret (som i dag), medan to meinte at den lokale kyrkja bør både eige bygga og ha det økonomiske ansvaret.

Vurdering:

Rådmannen sine merknader:

INNSTILLING:

Giske kommunestyre sluttar seg til fleirtalet arbeidsgruppa sine konklusjonar til høyringa om staten og Den norske kyrkja slik det går fram av saka.

27.11.2006 GISKE FORMANNSKAP

F-181/06 TILRÅDING:

Innstillinga vart tilrådd med 6 mot 1 røyst.

28.11.2006 GISKE KOMMUNESTYRE

K-080/06 VEDTAK:

Med 21 mot 2 røyster vart tilrådinga godkjend.



GISKE KOMMUNE
6050 VALDERØYA

Dato: 29.11.06

Utskrift til:

Kam Vaar

Det kongelige kultur- og kyrkjedepartement	Postboks 8030 Dep.	0030	OSLO